



### Diabetesomsorg på video

Berre omlag 30 % av norske barn oppnår behandlingsmålet i høve [ønskt gjennomsnittlig langtids blodsukkerverdi](#). Dette ønsker Barne og ungdomsavdelinga i Helse Førde HF å forbetre. Saman med 8 andre sjukehusavdelingar er dei derfor med i eit eige kvalitetsforbetringsprosjekt i regi av [Barnediabetesregisteret \(BDR\)](#).

Diabetes type 1 hos barn er ein alvorleg sjukdom der barnet manglar insulin, men det er også ein sjukdom der ein har høve til å kunne få eit langt og godt liv. Sjukdommen er krevande sidan ein kvar dag må måle blodsukker, og gi insulin tilpassa matinntak og aktivitetsnivå. Då kan det vere lurt å freiste å få eit godt forhold til, eller «bli ein venn» med diabetesen sin. Å ha god blodsukkerkontroll er ein føresetnad for god helse gjennom livet.



Hovudansvaret for oppfølging av barn med diabetes ligg til spesialisthelsetenesta. Etter nasjonale retningslinjer skal dei ha kontroll hos barnelege to gongar, og fire gonger årleg hos barnediabetessjukepleiarar.

På biletet (frå venstre) ser vi spesialsjukepleiar Randi Stubhaug Gamlestøl og overlege Hildegunn Styve Borkamo. I Diabetesteamet deltar i tillegg også

spesalsjukepleiar Benthe Juklestad, sjukepleiarane Elsa Jentoftsen og Merete Strømmen, samt overlegane Jarl Moldestad og Anders Bjørkhaug.

I Sogn og Fjordane blir det oppdaga om lag 10 nye tilfelle av diabetes hos barn pr år. Rundt 90 barn går til ei kvar tid til kontroll hos Barne og ungdomsavdelinga. Rundt ein fjerdedel krev ekstra tett oppfølging. Då kan lang reiseveg til sjukehus vere med å gjøre oppfølginga krevande for både foreldre og barn. Barne og ungdomsavdelinga har derfor i samarbeid med representantar frå [Praksiskonsulentordninga \(PKO\) i Helse Førde HF](#) etablert ei eiga videokonferanseordning. Slik kan barnet, foreldra, fastlege, sjukepleiar/helsesøster møte hos fastlegen og ha felles konsultasjon saman med diabetessjukepleiar og barnelege på sjukehuset. Fagfolka både i første- og andrelinjetenesta erfpar at den tette og målretta oppfølginga, gir betre eigenomsorg og betre behandlingsresultat hos dei aktuelle barna.



Høgskulen  
på Vestlandet



HELSE FØRDE



### Meld deg på Samhandlingskonferansen 2019

[Koordineringsrådet](#) som er eit administrativt samarbeidsutval for Helse Førde HF og kommunane i Sogn og Fjordane har bestemt at «*Framtidas pasient/Den moderne helsearbeidaren*» skal vere det overordna temaet for Samhandlingskonferansen 2019.

Konferansen går av stabelen 3. og 4. april på Skei i Jølster, og blir arrangert i eit samarbeid mellom dei store offentlege organisasjonane i fylket. Erfaringsmessig samlar ein om lag 200 deltakrar på kvar av konferansedagane. [Programmet er no kunngjort, og påmeldingsportalen opna](#). **Meld gjerne deg på allereie no, og sikre deg plass på neste års største begivenhet !**

## Skal førebygge fallskadar og hoftebrot i Sogn og Fjordane

Fallskadar er framleis ei stor folkehelseutfordring. Sogn og Fjordane ligg på noregstoppen i høve tal skadar pr. kalendarår. Ei prosjektgruppe samansett av representantar frå kommunane Luster og Flora, og Helse Førde HF, tar mål av seg å få fram meir detaljkunnskap om kvar, og kvifor fall skjer. Kunnskapen ønsker ein å kunne nytte til endå meir målretta førebygging.

På biletet ser vi Helse Førde HF sine representantar i prosjektarbeidet. Frå venstre: Emma Bjørnson, seniorrådgjevar i Fag og utviklingsavdelinga, Torbjørn Wiken, spesialfysioterapeut og prosjektleiar, Ali Hussein Abdali overlege Ortopedisk Avdeling, Stig Igland, avdelingsjef Samhandling og tverrprofesjonelle tenester, Jocelyn Astbury seksjonsleiar Klinisk fysioterapi og førebygging & Kari Anne Indrebø, avdelingsjef Ortopedisk Avdeling.

Fotografi: Martine Gøransson.



Tal frå [Samhandlingsbarometeret](#) syner at Sogn og Fjordane ligg over landsgjennomsnittet med kring 15 behandlingskrevande skadar pr. 1000 innbyggjar

kvart år. Kring halvparten av skadane skuldast fall. Også for hoftebrot ligg ein over landsgjennomsnittet med kring 200 brot per år i aldersgruppa over 67 år. Hoftebrot er ein skade som medfører store konsekvensar for pasienten i kraft av tapt mobilitet og tap av sjølvstende. Kring 25% dør innan eit år. I tillegg er dei samfunnsøkonomiske kostnadane høge. Dei gode grunnane for å drive aktiv førebygging, er mange. «*Hos oss er vi opptatt av å arbeide førebyggande. Føremålsparagrafen i [spesialisthelsetenestelova](#) peikar særskilt på at ein også i sjukehusa skal både fremje folkehelse og å motvirke sjukdom, skade, lidning og funksjonshemming*», seier Kari Anne Indrebø som er avdelingsjef ved Ortopedisk Avdeling.

I tillegg til å kartlegge fall grundigare, har prosjektarbeidet som mål å få meir kunnskap om korleis kommunar og sjukehus saman kan samarbeide for å redusere fallskadane. Hovudfokuset i prosjektet er knytt til hoftebrot. Førprosjektet har fått tildelt kr. 100 000,- av [Fylkesmannen i Sogn og Fjordane](#) i samband med tilskot knytt til styrking av habilitering og rehabilitering. Prosjektet skal prøve ut eit skjema for registrering av fallårsak, både i kommunane og i sjukehus. I kommunane skal heimetenesta fylle ut eit kartleggingsskjema etter fallsituasjonar. I sjukehuset skal ein innhente systematisk sjukehistorie i høve fall, som del av innkomstjournalen. «*Dette er i tråd med anbefalingane i dei nye [tverrfaaglege retningslinjene for behandling av hoftebrot](#)*», fortel spesialfysioterapeut og prosjektleiar Torbjørn Wiken.



I Luster kommune engasjerar mange einingar og funksjonar seg i prosjektet. Frå venstre på biletet: Tone Kjærvik Kveane, leiar Gaupne omsorgssenter Ruth Karin Kvam, leiar Hafslo omsorgssenter, Margrethe Søhoel Røneid, fagleiar, Kari Paulsen, leiar omsorgstenesta, Benedikte Nergaard, prosjektleiar Aktiv Alderdom og Britt Veum Hauge, konsulent/folkehelsekoordinator.

Fotografi: Torodd Joranger

Konsulent og folkehelsekoordinator Britt Veum Hauge, seier ho håpar prosjektet skal gje meir kunnskap om aktuelle

førebyggande tiltak: «*Samla sett håpar eg at prosjektet fører til konkrete råd til kommunane i fylket om aktuelle førebyggande tiltak, og forslag til systematisk samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta*», seier ho.

I april 2019, skal ein evaluere forprosjektet. Prosjektgruppa håpar då å kunne dele ny kunnskap med alle kommunane i fylket. «*Vi inviterer til samling i løpet av 2019. Om det er interesse for det, etablerer vi også eit nettverk for fallførebygging i Sogn og Fjordane*», understrekar prosjektleiar Wiken. Han oppmodar interesserte om å lese meir om [Samhandlingsbarometeret sine nye data knytt til førebygging av skadar og ulykker i fylket vårt](#) på nettstaden til [Samhandling Sogn og Fjordane](#).